

Høyringsuttale om skulestruktur

Er pengar viktigare enn trygge barn? No som kommunen vurderer nedlegging på grunn av dårleg økonomi, meiner mange elevar det er urettferdig at problema deira skal gå utover oss. Førsteklassingar frå Bøfjorden og Todalen risikerer å måtte sitje på buss fleire timar kvar dag, og når dei kjem til skulen er det stappfulle garderober, gangar og klasserom. Attpåtil blir det usosialt for trinnet/trinna som skal vere åleine på Gulbygget, og både lærarar og elevar må springe frem og tilbake frå time til time. Det er frustrerande at dette vil ta frå undervisningstida vår.

Dei 5 nye klassane det er medrekna at skal flyttast til SUBUS, kjem ikkje til å få plass på den tronge skulen vår. Per no er det mange garderober, kontor og klasserom som er svært fulle, og dette er ikkje noko som vil forbetrast med endå fleire elevar. Plassen som allereie finst blir då endå trongare, og sjølv om 10. klasse eventuelt vert flytta ut, kan dei ikkje bli totalt uavhengig av klasseromma på SUBUS. I dag brukar 10CD eit rom som klasserom som egentlig ikkje er eit klasserom. I sommar har 10CD hatt over 30 grader på klasserommet. På vinteren blir det veldig kaldt.

Fag som mat og helse, naturfag og kunst og handverk vil framleis trenge plass på skulen, og til lunsj treng elevane ei kantine å ete i. Alle lærarane som mistar jobben sin på grendeskulene og blir med over til SUBUS, vil trenge kontor å jobbe i, noko det er lite av allereie, og bussane vil fyllast opp med fleire og fleire elevar. Sjølv om det på noko vis skulle vere plass til alle elevane, blir det trengt og fullt overalt. Dette fører til utryggleik og usikkerheit og påverkar dermed elevane sterkt.

For mange kjem bussturane dagleg til å bli svært lange og slitsame. Fleire elevar får over ein times veg med bussen, noko som betyr at dei må stå opp tidlegare og bruker mykje tid på skuleveg. Vi er spesielt bekymra for dei minste, helt ned til fem og seks år, det er sykt at dei mister opp til 10 timer av fritida si kvar veke, 380 timar per skuleår.

Alle foreldre som køyrar ungane sine til skule og forskjellige aktivitetar får også lengre veg, og all farten frem og tilbake slit på vegane og klimaet. Bussane som fyllast opp treng blant anna meir drivstoff og fleire bussjåførar, så sjølv om ein sparar pengar på grendeskulene vil ein trenge meir på framkomstmiddel og skuleveg. Skule i nærmiljøet er i tillegg ein viktig del av bygdemiljøa i grendene, og flyttast skulane lenger unna kan

ein risikere at desse miljøa etter kvart oppløysast fordi folk flyttar nærmare sentrum for å unngå lang veg.

At fleire elevar tek plass er ein ting, men det kan i tillegg vere ei psykisk belastning for nokre av elevane. Når alt blir fullare og dermed meir bråkete, kan ein lett føle at skuledagane blir lange og slitsame, ikkje minst for lærarane som skal passe på alle saman til kvar ei tid. Førsteklassingane som kjem frå små barnehagar i grendene vil få ein stor overgang frå dei rolege små miljøa til SUBUS når dei begynner på skulen, og sjølv om det finst friminutt vil ein ikkje få pause frå bråket i gangane. 10. klassane i Gulbygget blir dessutan ikkje del av den sosiale fellesskapen lenger og kan dermed føle seg litt utstøytt og utanfor. Å skulle sitte på ein full buss etter ein bråkete og dryg dag er nok noko ingen har lyst til å måtte gjere.

Til trass for økonomien, kan vi ikkje ignorere kva som står på spel når vi vurderer å leggje ned små skular. Desse skulane gir barna tryggleik, nært fellesskap og sterke relasjonar med både lærarar og medelevar. Det er utfordringar ved små skular, men det finst løysingar som kan styrke miljøet utan å miste den nærleiken barna treng. Økonomiske omsyn bør ikkje vege tyngre enn barna si trivsel og utvikling. Å leggje ned små skular tek frå barna ein viktig del av barndommen som skal vere trygg, støttande og prega av fellesskap. Vi må setje barna først og sikre at dei får ein skulekvardag der dei føler seg sett og høyrte!

Skrive av representantar frå elevrådet ved Surnadal barne- og ungdomsskule

Anna Aune-Møkkelgjerd, Even Rodal Haugen, Ida Zwick, Mali Sundli Segtnan, Natalie Astrid Brusethaug, Rufta Fisha Tesfagabr og Solvor Rosvoll Bøe